



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsvegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3139
sfvlpost@statsforvalteren.no
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2019/5041-41 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 06.11.2025

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Referat etter dialogmøte - Fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval - 2025

Møtestad: Sommarkafeen i Stardalen, Sunnfjord kommune

Dato: 21.10.2025

Tid: Kl. 10:00 – 14:00

Til stades frå fagleg rådgjevande utval:

Universitetet i Bergen
Norsk Bremuseum
Norsk Bremuseum
Breheimsenteret
DNT Sogn og Fjordane
Vestland bondelag
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
Statsforvaltaren i Vestland

Atle Nesje
Pål Hage Kielland
Anne Mundal Skjelten
Kristine Selbervik Lund
Rune Valsvik
Merete Støfring
Åsmund Berthelsen
Halvor Røssum

Organisasjonar og medlemmer i rådgjevande som hadde meldt forfall/ikkje møte:

Jostedalsbreen nasjonalparksenter
Forum for Natur og Friluftsliv
Visit Nordfjord
Visit Fjordkysten og Sunnfjord
Visit Sognefjorden
Bonde- og småbrukarlaget

Wenche Nesje
Åsmund Nordgulen

Marita Solheim
Ellen Fivelstad
Ingolf Folven

Til stades av administrative kontaktpersonar:

Gloppen kommune
Luster kommune
Sunnfjord kommune

Lindis Bergland Østgård
Marte Meland
Solfrid Trå

Administrative kontaktpersonar som hadde forfall:

Stryn kommune
Sogndal kommune

Olvar Skagseth
Torkjel Solbraa



Til stades frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyret og administrasjonen:

Styreleiar Andreas Wollnick Wiese	Luster kommune
Styremedlem Hege Lothe	Vestland fylkeskommune
Styremedlem Oddmund Klakegg	Sunnfjord kommune
Styremedlem Stig Ove Ølmheim	Sogndal kommune
Trygve Snøtun - Nasjonalparkforvaltar	
Tor Arne Hauge – Nasjonalparkforvaltar	

Sakliste:

1. Velkomen

Styreleiar Andreas Wollnick Wiese ynskta velkomen til dialogmøte. Kort presentasjon rundt bordet – namn og organisasjon/rolle

2. Oppdatert kunnskap om Jostedalsbreen nasjonalpark

Forvaltar hadde ein gjennomgang av oppdatert kunnskap om Jostedalsbreen nasjonalpark, mellom anna dei årlege målingane av breen, JOSTICE, nye kartleggingar, skjøtselsplanar og nye fagrapportar.

3. Kva har skjedd i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2025?

Nasjonalparkforvaltarane Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge synte bilete frå SNO og fortalde frå synfaringar, styremøte, tiltak, planarbeid og andre aktivitetar i og omkring nasjonalparken det siste året. Presentasjonen starta i nordaust, øvst i Jostedalen og heldt fram rundt breen og enda lengst aust i Stryn.

Innspel under biletkavalkaden:

- Atle Nesje kunne fortelje at bretunga i toppen av Briksdalsbreen var delt frå hovudbreen 10.oktober i år.
- Det var opplyst om at det ligg att brurestar i Haugadalen som bør fjernast.
- I Austerdalen ligg det att ein del metall, mest sannsynleg frå tidlegare bremålingar. Dette bør fjernast.
- Atle Nesje var interessert i neverfunn i Supphelleskaret, og meiner at desse burde 14C-daterast.
- Stig Ove Ølmheim viser til Fjærland, der det er laga ei lokal parkeringsgruppe som prøver å finne gode løysingar på parkeringsutfordringane i bygda. Kan vere aktuelt andre stader?
- Bubilar og villcamping opplevest som utfordrande nokre stader. Utfordringa ligg i at det er ein auke, kapasiteten på parkeringa er for liten, at det er avføring på avveie og meir søppel.

4. Runde rundt bordet

Kvar einskild vart utfordra til å kome med kommentarar og innspel til forvaltninga av nasjonalparken. Det vart og bede om innspel til arbeidet med tiltaksplanen for 2025.

Følgjande innspel kom inn:

Anne Mundal Skjelten, Norsk Bremuseum:



- Nøgd med tilrettelegginga og informasjonspunktet ved Bøyabreen. Dette er viktig for Bremuseet og Fjærland, og dei har fått vist det fram for departement og direktorat i samband med den nasjonale sentersamlinga som var i Sogn i haust. Samarbeidet mellom forvalting, museet og grendalag har vore bra. Ønskjer skilt med Jostedalsbreen nasjonalpark ved riksvegen ved Bøyabreen. Ønskjer å komme vidare med planane i Supphelledalen. Her vil ein ha færre besøk enn ved Bøyabreen, slik at det blir eit meir differensiert tilbod, mellom anna at dette kan bli ein fin sykkeltur med utgangspunkt i Mundal/Fjærland. Bremuseet er positive til førebelse planar for området.

Pål Kielland, Norsk Bremuseum

- Minna på at det er breåret i år, og at breane har eigen dag av FN, 21.mars. Stadfesta at det er mykje folk på Bøyabreen og at bremuseet nytta den nye tilrettelegginga i si formidling av skuleelevar /besøkande.
- Det var til tider trafikkork ved avkøyringa mot Bøyabreen. Statens vegvesen sette etter kvart i gang trafikkdirigering.

Merete Støfring, Bondelaget:

- Ein jobbar godt i nasjonalparken. God dialog med grunneigarane. Ønskjer at tal beitedyr i/rundt nasjonalparken skal vere synleggjort. Dette vil vere med å vise bruk og interesse for området i landbruksnæringa. Er uroa over mykje besøk og hundar, mange som ikkje følgjer bandtvang, og at det difor er viktig å fokusere på besøksforvalting framover. Bør ein informere på fleire språk for å nå fram med budskapet? Tipsa om at politiet har laga tydelege plakatar når det gjeld bandtvang. I denne samanheng er innfallsportane viktig. Bondelaget er uroa over høge tapstal på beitedyr til rovdyr.

Rune Valsvik, DNT Sogn og Fjordane:

- Ingen særskilte kommentar.

Marte Meland, Luster kommune:

- Har eit bra samarbeid med nasjonalparkforvaltinga. Luster kommune forvaltar Nigardsbreen NR, som er ein del av Jostedalsbreen, og jobbar mykje med besøksforvalting her. Det skal utarbeidast ny besøksstrategi for Nigardsbreen, der Luster også ønskjer at nasjonalparkforvaltinga skal vere med. Det blir opplyst om at det er stort trykk på parkeringa ved Bergset. Luster ønskjer å lage eit informasjonspunkt i Gaupne der nasjonalparkane i kommunen er med saman med Nigardsbreen. Viktig med god informasjon til dei besøkande, og kanskje særleg klare å formidle om bandtvang og allemannsretten/-pliktene.

Kristine Selbervik Lund, Breheimsenteret:

- Viktig med gode stiprosjekt for å sikre god kanalisering. Det er vanskeleg å ha kontroll på marknadsføring. Droneflyging vert opplevd som eit problem. Cruisetrafikken viser interesse for Krundalen inn til Bergset, dette kan føre til utfordrande trafikkavvikling. Er opne for samarbeid med nasjonalparkforvaltinga i aktuelle område og tema.

Halvor Røssum, Statsforvaltaren i Vestland:



- Poengterte utfordringa nasjonalparkforvaltinga står i mellom store reiselivsinteresser og store naturverdiar som ikkje skal forringast.

Lindis Bergland Østgård, Gloppen kommune:

- Ingen særskilte kommentarar.

Atle Nesje, UiB:

- Meiner nasjonalparkforvaltinga gjer ein god jobb. Er nøgd med kanaliseringstiltaka som er gjort for å ta vare på moreneryggar i nasjonalparken, kanskje dette kan gjerast fleire stader? Det er no funne 18 Rekstadmerker framfor 12 brear kring Jostedalsbreen. Ein vitskapleg artikkel er på veg om dette. I Brenndalen (og kanskje framfor andre brearmar) bør ein prøve å lage eit stoppskilt der ein ikkje vil at turistane skal gå lenger pga fare. I Brenndalen er det eit godt fotopunkt på sørsida av elva, siste staden ein ser breen. Blir utfordrande i åra som kjem pga store endringar i landskapet grunna bresmelting. Nasjonalparkforvaltinga bør lage fotobank og etablere fastpunkt, kan bli verdfulle for framtida.

Solfrid Trå, Sunnfjord kommune:

- Nasjonalparkforvaltinga bidreg på ein positiv måte, stiller opp på synfaring og får dei avklaringane som skal til for å komme vidare. Positiv til at det jobbast med innfallsportar i Sunnfjord. Meiner utarbeiding av skjøtselsplan er viktig kunnskapsgrunnlag og at det er godt samarbeid med grunneigarlag.

Åsmund Berthelsen, Naturvernforbundet:

- Viktig med kartlegging av natur over tid, slik at ein registrerer endringane som skjer i naturen. Peikar på at spagaten mellom bruk og vern er utfordrande, men at det jobbast godt med nasjonalparken. Naturvernforbundet seier dei engasjere seg i gondolsaka i Kjøsnesfjorden.

5. Tiltaksplan for 2026 – Innspel og drøfting

Det vart liten tid til å drøfte tiltaksplanen 2026 inngåande. Innspel som kom fram under runden rundt bordet vert med i det vidare arbeidet med tiltaksplanen for 2026.

Med helsing

Trygve Snøtun
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Andreas Wollnick Wiese
Hege Lothe



Stine Fjellkårstad
Mariel Eikeset Koren
Oddmund Klakegg
Stig Ove Ølmheim
Anne Rudsengen - SNO
Tor Arne Hauge

